



Karl Anders Stene  
Veråsvegen 105  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2158 - 18/31852

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
19.10.2018

## Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 108/2 Lindås

Det vert vist til søknad om oppretting av ny grunneigedom frå gbnr 108/2 journalført mottatt 06.09.2018. Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 17.10.2018, der følgjande vedtak vart fatta:

**«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå føresegn 1.1 i kommuneplanen (plankravet) og plan- og bygningslova § 1-8 (byggjeforbodet i strandsona) for oppretting av ny grunneigedom frå gbnr. 108/2 slik det er søkt om.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 1 950 m<sup>2</sup> frå gbnr. 108/2 på følgjande vilkår:**

- **Grensene for den nye parsellen går fram av situasjonsplan datert 12.06.2018, jf. pbl. § 29-4. Parsellen sin nøyaktige storleik vert fastlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikellova.**

**Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedsregistrering jf. pbl § 21-9.»**

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.



Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg klagevurdering.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon og frådelling av ny grunneigedom med eksisterande våningshus - gbnr 108/2 Lindås

**Kopi til:**

Karl Anders Stene

Veråsvegen 105 5955

LINDÅS

**Mottakarar:**

Karl Anders Stene

Veråsvegen 105 5955

LINDÅS